

Juni 2024

Samhandlingsnytt



Kontakt

Nettstad

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane>

www.samhandling-sfj.no

Kontaktperson

Samhandlingsjef Helse Førde
[Dagrun Kyrkjebø](#)

Møteplan

Felles brukarutval

4. september

Fagleg samarbeidsutval

5. september

Strategisk samarbeidsutval

3. oktober

Kjære lesar

Sommar og ferietid er her og nokre av dykk er nok allereie i gang med lange late dagar, medan andre held drifta i helse- og omsorgstenestene oppe og sørger for at samfunnet går sin vante gang. I denne utgåva av Samhandlingsnytt får du som lesar innblikk i arbeid og aktivitetar som pågår – eller som er avslutta i Sogn og Fjordane helsefelleskap sitt område.

God sommar!

Campus Vie-satsinga



Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Bergen, Sunnfjord kommune og Helse Førde har mange overlappende utfordringar og samfunnsoppdrag. Statlege føringar peikar på auka grad av samhandling som viktig i møte med ein helsesektor under sterkt press.



I Campus Vie-prosjektet har partnarane sett nærmare på sambruk av areal og fasilitetar for å styrke kompetansemiljøa på Vie og i Sogn og Fjordane. Meir tverrfagleg aktivitet på tvers av sektorar vil vere eit regionalt svar på nasjonale føringar om å legge til rette for meir offentleg privat samhandling.

Frå april 2023 til april 2024 har partnarane jobba med å sjå på korleis dei kan legge til rette for meir samhandling gjennom sambruk av areal og teke initiativ til ei helserelatert kunnskaps- og næringsklynge i Sogn og Fjordane.

Sluttrapporten frå denne delen av prosjektet kan du lese [her](#).

Vellukka autismefagdag

Habiliteringstenesta for barn og unge har gjennomførte ein vellukka fagdag for fastlegar, helsestasjonslegar, PPT, helsesjukepleiarar, barnekoordinatorar, styrarar og pedagogiske leiarar i barnehagar. 16 kommunar var representert. Tema for fagdagen var barn 0-6 år med autisme. Bakgrunnen for dette valet er ein stor auke i tal som får diagnose innanfor autismespekteret:



Det er viktig med tidleg diagnose og tidleg intervensjon. Rett diagnose bidreg til rett tilrettelegging og hjelp og kunnskap og innsikt til personen det gjeld/nærpersonar



Dagen var fylt med innhald frå psykologspesialist Raymond Kvammen, spesialpedagog Trine Bremnes og barnevernspedagog Therese Veimo. I tillegg deltok autismeforeininga med innlegg.

Habiliteringstenesta for barn og unge byggjer opp nytt kurstilbod som vil innehalde fagdagar, kurs og gruppesamlingar, retta mot hjelpeapparat, pårørande og barnet/ungdommen sjølv.

Siste nytt frå

Samhandlingslegane

Samhandlingslegane i Helse Førde har mange ballar i lufta når det gjeld samhandling – hovudsakleg mellom allmennlegetenesta og sjukehusa. Nettsida til samhandlingslegane er oppdatert og her finn ein oversikt over aktuelle og viktige saker som blir formidla ut til allmennlegekorpset. Kopi går også til mange sentrale samarbeidspartar i Helse Førde.

Hovudsida gir informasjon om samhandlingslegeordninga, samhandlingslegane i Helse Førde, og gir tilgang til alle aktuelle lenker inkludert dei som kjem under her.

[Samhandlingslegeordninga \(tidlegare PKO\) - Helse Førde HF \(helse-forde.no\)](#)

[Aktuelle saker frå samhandlingslegane - Helse Førde HF \(helse-forde.no\)](#)

[Samhandlingskalenderen - Helse Førde HF \(helse-forde.no\)](#)

Sogn og Fjordane helsefelleskap

Erfaringskonferansen

psykisk helse og rusarbeid

2024 vart arrangert på Skei med rundt 110 deltakarar. Konferansen hadde særskilt fokus på barn som pårørende og ADHD, men også andre tema vart presenterte. Mellom anna arbeid som pågår i kommunar og helseføretak, og ferske forskingsresultat.



Sogn og Fjordane helsefelleskap
Psykisk helse og rusarbeid

12. - 13. juni 2024
Thon Partner Hotel Jølster
Skei



Strategisk samarbeidsutval vedtok desember 2023 at Sogn og Fjordane helsefelleskap skal starte eit utviklingsarbeid som tek sikte på å konkretisere tiltak for vår region rundt rekruttering, kompetanse og felles planlegging av tenestene.

Det skal arrangerast ei nettverkssamling våren 2025 mellom strategisk leiing i kommunane og Helse Førde med fokus på følgande tre tema:

1. Rekruttering og kompetanse av helsepersonell til kommunane og føretaket.
2. Samhandling mellom kommunane og føretaket, korleis gjennomføre heilskaplege pasientforløp og kva er erfaringar har vi gjort oss i lag?
3. Langsiktig og strategisk planlegging for å møte demografiutfordringane

For å gjennomføre ei slik nettverkssamling er det behov for å gjere eit forarbeid ved å hente inn status kring desse områda både på kommunal side og iføretaket. Dette arbeidet er no i gang organisert gjennom ei prosjektgruppe og tre delprosjekt. Strategisk samarbeidsutval i helsefellesskapet er styringsgruppe for prosjektet.

Det er sett ned ei arbeidsgruppe i regi av fagleg samarbeidsutval som skal arbeide med [kartleggingsverktøy, eldre med skrøpelegheit](#). Arbeidsgruppa skal kome med framlegg til kva kartleggingsverktøy som bør brukast i Sogn og Fjordane helsefellesskap sitt område, og skal synleggjere korleis ein har kome fram til dette forslaget (kva verktøy har ein vurdert, fordeler og ulemper med ulike verktøy osv.), i tillegg skal arbeidsgruppa komemed framlegg til korleis ein kan implementere dette hos partnarane (forslag til kommunikasjonsplan, opplæring mm). Arbeidet skal avsluttast seinhausten 2024.

«Pust deg bedre»

Gjennom eit interregionalt samarbeid mellom [Kompetansetrappa](#) i Helse Nord og Helse Førde i Helse Vest har ein det siste året utvikla eit [tverrfagleg nettkurs](#) med fokus på lungerehabilitering. Her vil «Pust Deg Betre» – eit digitalt verktøy for lungesjuka presenterast med ein eigen modul. Appen sitt faglege fundament, sekretmobilisering, vil også vere ein modul i kurset.